



Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune
Pb. 7900
5020 BERGEN

Hordaland fylkeskommune

08 JAN 2015

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Trond Hollekim - 55516167

Vår referanse:
2014/046060-006

Dykkar referanse:

Vår dato:
06.01.2015

Fv. 179 Steinsvikvegen. Forslag om gangfelt v/ kryss Feråsvegen. Oversendingsforslag i samferdsleutvalet

Vi viser til vårt brev datert 25.9.2014.

Statens vegvesen har i haust gjort registreringar av tal på kryssande og fartsnivå på staden.

Fotgjengarteljningane viser at det vart registrert 6 personer som kryssa i maksimaltimen ettermiddag.

Årsdøgntrafikken (ÅDT) på strekningen er ca. 6500 kj.t./døgn. I følge tilrådingane i Statens vegvesens vegleiar V127 *Gangfeltkriterier* bør det være minst 20 kryssande for å etablere gangfelt ved årsdøgntrafikk 2000-8000 ÅDT og fartsgrense 60 km/t.

Fartsmålingane som er utført i perioden 27.9-5.10.2014 (9 dagar) viser ein gjennomsnittsfart på 53-55 km/t medan 85 %-fraktil ligg på 59-60 km/t. Dette viser eit normalt fartsnivå som er i samsvar med skilta fartsgrense 60 km/t.

I samband med byggearbeida for bybanen til Flesland er fv 556 Ytrebygdsvegen for tida stengt. Når Ytrebygdsveien er opna igjen og bybanen til flyplassen er sett i drift (i løpet av 2016) er det sannsynlig at m.a. trafikkvolum i Steinsvikvegen kan endre seg. Statens vegvesen vil følge dette opp med å foreta nye registreringer i Steinsvikvegen i 2016/17 for å sjå om endringane tilseier at tilhøva må vurderast på nytt.

Statens vegvesen finn i dagens situasjon ikkje grunnlag for forslag om gangfelt sidan talet på kryssande ligg vesentleg under det som er krav i handbøkene. Eit gangfelt med få brukarar er ikkje ønskjeleg då bilistane ikkje er vane med at det er folk der, og vi vurderer det som betre at fotgjengarar kryssar vegen utan gangfelt og med full merksemd mot biltrafikken.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
Seksjonsleder

Trond Hollekim

Trond Hollekim